



Utandørskafeen vart teken i bruk i dag

Ein skulle kanskje tru at finveret gjekk ut over besøket i Cafe TI-aren, men det har ikkje vore tilfellet i dag. Dugnadsdamene kan melde at 36 vaksne og 10 born har vore innom og det var også vaksne som ikkje er frå Uskedalen.



Også utandørskafeen vart teken i bruk i dag.

Ei trafikkfelle mindre!

Og med det same vi er i det positive hjørnet: No er det ei trafikkfelle mindre utanfor Gamleskulen. Det opphøgde kumløkket som påførte ein bil stor skade i vår er fjerna og erstatta med eit lokk i plan med asfalten.. Men det måtte altså eit uhell til før problemet vart ordna...

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen